

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ei slik uttale til samferdselsavdelinga:

*«Rådet for Likestilling av Funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.*

*Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre . Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.*

*I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjøføropløringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.*

*Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.*

*Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak . Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.»*